


Bakgrunn

På vegne av forslagstillar Sijoni invest AS v/ Nils Paulsen fremjar Arkoconsult AS planinitiativ for oppstart av planarbeid på bnr. 464 gnr. 41 m.fl. ved Snekkevika på Radøy. Området det gjeld ligg på nordaust-sida av Radøy, like ved Taulsvågen.



Intensjonen med planinitiativet er å leggje til rette for fortetting av eit eksisterande hytteområde. Forslagsstiller ser for seg at området skal fortettast med om lag 25 nye hytter på eigedomane 464/38, 41, 50 og 86. Vidare vert det lagt opp til utbetring av tilkomstvegen til området frå fylkesveg 565, og forslag til ny veg inn til hyttefeltet. Det vert også lagt opp til nye naust og kaiområde i tilknytning til hyttene.

Då det ikkje har vore mogleg for forslagstillar å inngå avtale om bruk av eksisterande veg til hytteområdet, bad dei om politisk handsaming av initiativet til å gå i gong med å regulere eksisterande tilkomstveg. Vegen er opparbeida av det lokale båtlaget som har bruksrett, og er i privat eige. APM vedtok med 5 mot 4 røyster at planinitiativet ikkje vart stansa. Viser til planinitiativ og saksframlegg for meir informasjon, sak 20/1094.

Eg sender invitasjon til oppstartsmøte fortløpande, de vurderer om og kven som deltek.